

Helga Reidun B. Nesset

“Krus og fat av innalandsk fabrikat”

– om trønderkeramikk i Nord-Østerdalen

Når ein går inn i museumssamlingene, eller leiter i private gjømmar, kan ein faktisk finne gamle, dekorerte leirfat, noen også med årstal. Etter alt å dømme er dette den originale trønderkeramikken! Men kor vart desse leirfata produsert, og kven var håndverkaren bak? Kvifor og korleis havna slike fat her i Nord-Østerdalen?



Karmsfat frå Alvdal.
Datert 1855.

Produksjon og distribusjon

I Trøndelag vart det alt frå 1600-talet produsert leirvarer for salg, fat og boller vart ei stor handelsvare. Både frå Trondheim, Orkdalen, Stjørdalen og Levanger vart krustøy lasta på båtar som gjekk nordover til Nordland, Troms og Finnmark, og likeeins sørover til Kristiansund, Molde og Ålesund. Distribusjon til lands gjekk med hestskysst vinterstid, til bygdene i Trøndelag, til Gudbrands-

dalen og Østerdalen, og østover til Jämtland.

Pottemakerar i Trondheim

Grunnlaget for produksjon av desse varene var leireforkomstene i Trøndelag. Det heile starta på 1600-talet. Utanlandske pottemakerar slo seg ned i Trondheim og starta produksjon. Den første skriftlege kjelden som indikerer pottemakerar i Trondheim er Trondhjems Lensregnskaper 1606 – 1607. Her omtalast ein Jacob Pottemager som blir overfalt i sin heim, og overfallsmannen må betale fire dalar i bot. Ein av dei utanlandske pottemakerane med utdanning var Thomas Røe (1659 – 1741) frå Flensburg i Schleswig.

På slutten av 1700-talet hadde nordmenn også kome inn i denne yrkesgruppa. Det var først og fremst folk frå Trondheims omland, og frå bygdene i Sør- og Nord-Trøndelag, men også folk frå Kristiansund, Molde, Ottadalen, Østerdalen og Drammen.

Frå vårt distrikt kjenner ein til:

- Esten Johnsen Hagen (Hæger) fødd i Østerdalen i 1764.
- Truleg: Erich Hauen fødd ca 1771.

Arbeidde hos Esten Hagen som svenn i 1801.

- Truleg: Lars Strøm, pottemakersvenn hos Esten Hagen. Nemnt i Forlikskommissjon i Trondheim i 1797.
- Otto (Otte) Kristian Ingebrihtsen Dahl, fødd på Tønseth ca 1781.

I Trondheim by var det i 1702, iflg. skattemantalet, én pottemaker, i åra 1748/49, fire. I folketellinga 1801 vart det registrert åtte pottemakerar og seks svenner. Storheitstida ser likevel ut til å vera i 1850-60-åra, med ti pottemakerar og ni svenner.

Råstoffet

Pottemakerane i Trondheim tok blåleire i nærleiken av byen. Dei leigde seg leirtak i Stenberget, på Reitgjerdet og fleire leirtak på Strinda, seinare på Stavset og på Bakklandet.

Gjenstander

Det er 20 gjenstander som ligg til grunn for denne artikkelen:

- To gjenstander i samlingene til Nordøsterdalsmuseet, eit lite karmfat TY 2389 og ein mindre bolle TY 2390.
- Ei samling på 9 objekter frå Telneset, tre flate fat og seks karmfat.
- To karmfat frå Fåset, det eine større enn det andre.
- Eit karmfat frå Alvdal.
- Ei samling på seks objekt gjedd som gave til Sverresborg Trøndelag Folkemuseum, men skriv seg frå Tynset.

Alle gjenstandene er dreid, og mate-

rialet er blåleire. Dei er alle dekorert innvendig med begitning, dvs. pipeleire tilsett ulike oksyder, for å få fram bestemte farger. Dekormotiva er blomster, blad og bladranker, og eitt med åttebladsrosa i dekorfeltet. Alle karmfata har kant øvst, dekorert med ein bølgete strek med prikker.



Flatt fat frå Telneset.



Karmfat med åttebladsrose, Telneset.

Handelsvare

Frå langt attende har omreisande handelsmenn reist rundt i distriktet vårt, og på 1700-talet kjenner ein til dei såkalte "Christianiakremmerne". Da Røros kob-

berverk vart oppretta i 1645 var det kun provianthuset som hadde tillatelse til å drive handel, men likevel kom det handelsmenn utafra med varer som dei baud fram for salg. Den offisielle marknaden på Røros vart først oppretta med Kongeleg resolusjon i 1854.

Enda før, i 1685, vart det ved eit ope brev frå Kongen oppmoda til ein marknad på Erlinneset i Tolgen. Grunnen var den lange reisa til "Grunset marked". Marknaden vart i 1744 fløtt til Tynset, der handelen foregjekk på Glåmisen ved Neby. På grunn av uro og spetakkel av tilreisande handelsmenn vart marknaden stoppa i 1780.

Peder Iversson Tangen (1783–1864) kom i 1810 til Tynset. Han var frå Stange på Hedemarken og hadde tidlegare dreve som omreisande kremmar. Han lyktes å få teneste hos Melkior Blomberg som dreiv bakeri og gjestgjevargard på Neby østre. Året etter gifta han seg med dotter til Blomberg, Anne Christine (1787–1843), og starta da med handelsbedrift på Neby. (Kongeleg bevilling av 7. november 1815). Handelsnæringa tok seg veldig opp og "Tangen på Neby" vart eit begrep i Nord-Østerdalen.

Ei vareliste frå 1823 viser eit sortement på 30 ulike vareslag: "Salt, mjøl, korn og alle slags brød- og matvarer. Vadsmål, grove lerreter og hatter, lin og hamp, jern og spiker, taug og snører, lær og huder. Kniver, synåler, fingerbøler, tynner og tobakkspiper, og til slutt krus og fat av innalansk fabrikkat".

Det meste av kornvarene kom frå Hedemarken, medan andre varer vart frakta frå Trondheim med hest. Bønder frå Tynset køyrde mangt eit hestlass med varer frå Trondheim til Tynset.

Frakta kunne ofte vera betaling for gjeld som dei hadde til handelsmannen.

Krusvarer

Utifrå varelista frå 1823 ser ein at Tangen førte krus og fat, men av innlands fabrikat. Som sagt tok han dei fleste varene frå Trondheim. Grunnene var fleire: Trondheim var den næraste byen, der også utanlandske båter gjekk i havn. Her fekk han god kontakt med grossister, produsenter og håndverkarrar. Alt dette hadde innverknad på kva varer han kunne ta inn, og krusvarene var temmeleg sannsynleg leirvarer produsert i Trøndelag, det me i dag omtaler som "trønderkeramikk". Og når ein i dag finn såpass mange leirfat bevart, måtte desse finnes i mange heimar. Mye kan tyde på at dei var kjøpt hos landhandler Tangen på Neby.



*Karmfat med rytter, Telneset.
Utifrå stempelet er fatet produsert av pottemaker
Jacob Lund mellom 1867 og 1869.*



Karmfat frå Fåset.

Betalingsmiddel

Nordøsterdølene livnærte seg av landbruk med husdyrhald, etter sjølvbergingssprinsippet. Etter at Kvikne kobberverk, og seinare Røros kobberverk, kom i drift tidleg på 1600-talet, vart det stort behov for trevirke til gruvedrifta. Bønder i Nord-Østerdalsbygdene vart pålagt å levere røstved til fyrsetting, og kol til smeltehyttene. Arbeidet med å brenne og køyre kol, og ved, ga penger i lomma. Dette gjorde bøndene betalingsdyktige, og kunne investere i kjøpvarer.

Bruksformål

Alle dei registrete gjenstandene er knytt til mat. Eg må derfor skjele litt til mattradisjonen i distriktet. Gjestebodskosten var rømmegraut og fisk. Grauten skulle serveres i boller og fisken på fat. Blant dei omtala gjenstandene finn eg både djupe grautboller og flate fat. Tidlegare var både boller og fat laga i tre,

men frå først på 1800-talet er det mogleg å få tak i desse i krus.

Til samlinga på Trøndelag Folkemuseum, høyrer det med ei historie. Niels Waldemar Oxholm var distriktslege i Tynset frå 1897 til 1907. Han var kunstinteressert og ein samlar. Barnebarnet, som selde denne samlinga til Sverresborg Trøndelag Folkemuseum, kunne fortelje historia om korleis han fekk tak i desse tinga: "En dag min bestefar var hos landhandleren sto flere av innbyggerne der og ville så gjerne ha disse nye, hvite og moderne grøtfatene som hadde kommet i handelen. Min bestefar sa til dem at han ikke kunne forstå de ville ha slike moderne fat. Da fikk han tilbud om å bytte hvis han kjøpte de nye, moderne fatene til dem, skulle han få de gamle fatene deres".

Det knytter seg svært få bruksopplysninger om dei andre gjenstandene, bortsett frå karmfatet frå Alvdal. Dette var i bruk til omkring 1950, og på slutten vart det brukt som potetfat.

Til slutt

Utifrå det eg forstår var slike keramikfat brukt i festlege lag, som i livets og årets høgtider. Kjøpvarer var noe nytt og eksklusivt, og derfor brukt i sjeldne anledninger. Og av den grunn vart dei godt teke vare på og blir betrakta som kulturminner.

Dagens produksjon ved Potteriet på Røros er m. a. kopier av gamle, originale gjenstander, som fins på museer og hos private. Eit besøk på Potteriet gjorde meg meir oppmerksom på kva som ligg bak dei gjenstandane dei lager. Nøyaktig kopiering av gamle fat og boller er ei vi-

dareføring av tradisjonen, både i håndverk og bruk, med andre ord: Vidareføring av ein kulturarv.

Om forfatteren

Helga Reidun Bergebakken, f. 1951, bur i Alvdal. Ansatt i Nordøsterdalsmuseet sia 1988, samlingsforvalter, spesialfelt er tekstilgjenstander og folkeleg draktskikk.

Litteratur

Ian Reed: Trønderkeramikk. Adskillige Sorter Krustøi. Tapir akademiske forlag. 2009.

Tynset bygdebok bind 5. Bjarne Grandum: Handel

Tynset bygdebok bind 1.

Leif Braseth: Drømmen om den store malmåra. 1995.

Arbeidets Rett 16. juli 2010: Ola Rye og Inge Morten Smedås: Unik trønderkeramikk – samler på Tynset.

Andre kilder

Robin Schellenberg

v/Potteriet på Røros.

Elling Alsvik, Sverresborg Trøndelag

Folkemuseum

Takk til eigarane for nyttige opplysninger.



Trønderkeramikk frå Tynset. Denne samlinga er ting som var brukt på Tynset på 1800-talet, men som for få år sidan vart gjedd til Sverresborg Trøndelag Folkemuseum.